# Møtereferat

**Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest**

**Til stede:** Linn Bæra, Elisabet B. Salte, Kari Toftøy-Andersen, Merete Hauge, Gunnar Ekeland, Jostein Bildøy, Henrik Aasved, Charlotta Schaefer (sekr.). **Vara-medlemmer**: Lene Nilsen, Erling Jacobsen, Elseberit Ingvaldsen, Njål Idsø, Magnus Heggø, Sven Hove.
**Forfall**: Kristoffer Skjolden, Karl Olaf Sundfør, Grete Müller
**Møteleiar:** Linn Bæra
**Møtedato:** 04.04.2018
**Klokkeslett:** 10.00-14.30
**Møtenr:** 3/17
**Møtestad:** Scandic Forus, Stavanger.
**Arkivref:** -

| Saksnr. | Emne | Ansvarlig |
|---|---|---|
| **18/18** | Felles presentasjonsrunde. RBU hadde invitert vara-representantar til møtet. Tema var tettare samarbeid. Mål om å bli kjent for å sjå korleis vara-representantane kan involverast i RBU sitt arbeid. | Leiar Linn Bæra |
| **19/18** | **Reiserekning –** informasjon om utfylling av manuell reiserekning. Bruk nettside dfo.no. Der er instruksjon til korleis rekninga skal fyllast i og satsar.<br>Honorar er 1700 kr for heildagsmøter og 850 kr for møter opp til 4 tim. 500kr for telefonmøter som er 1-2 timer.<br><br>**Elektroniske møter –** gjennomgåing av korleis kople seg på og delta i elektroniske møter. | Sekretær |
| **20/18** | **Oppdragsdokumentet 2018**<br>RBU hadde workshop om tema frå Oppdragsdokumentet som dei ønskjer å følgje ekstra godt med på i 2018. Dei var oppdelt i tre arbeidsgrupper og presenterte etterpå tema for kvarandre.<br><br>**Overordna tema som RBU meinte dei bør følgje ekstra med på i 2018:**<br>• Barn og unge i spesialisthelsetenesten<br>• Samhandling og heilskapleg behandling<br>• Rehabilitering (spesialisert rehabilitering, indikatorer, psykisk helse, habilitering, behandling for kroniker)<br>• Psykisk helse (ungdom, pakkeforløp)<br>• Pasienttryggleik (hjerneslag, antibiotikaresistens, korridorpasientar, definer unødvendig venting, nedbemanning i ferier, trygg fødsel, oppfølging av | Leiar Linn Bæra |

| | | |
|---|---|---|
| | regionale planer, medikamentfri behandling)<br>• Kommunikasjon – på alle nivå i tenesten.<br><br>Innføring av samval og samvalsverktøy blei også nemnt då dette var eit tema RBU følgte naudsynt med på i 2017. Samval er ikkje nemnt i Oppdragsdokumentet 2018.<br><br>RBU stemte om kva tema som skal prioriterast i 2018 og der RBU vil følgje ekstra godt med på utviklinga. Følgjande tema blei stemt fram der 1 er det mest viktig:<br>1. Samhandling - likeverdige tenester (sårbare pasientgrupper)<br>2. Innføring av samval<br>3. Kommunikasjon (i heile pasientforløpet) | |
| **21/18** | **Rapportering frå arbeidsgrupper/ prosjekt /nettverk**<br>RBU ønsket en tettare oppfølging frå vara-representantar og eksterne representantar.<br><br>Eksterne og vara-representantar som har verv for RBU bør send ei oppsummering til sekretær, nestleiar og leiar, ei gong i halvåret. Om noko er av stor betyding kan dei kome å presentera direkte i RBU-møte. Nokon har erfaring med å ikkje blir høyrt som brukarrepresentant. Det er då viktig med ei tettare dialog for å få støtte og hjelp.<br><br>Det blir drøfta om det er anledning å oppretta ei Sharepoint-side for RBU. Då trenger ikkje alle dokument sendast per e-post. Sekretær vil sjekke dette ut med Helse Vest IKT.<br><br>Planlegging av årshjul for RBU.<br><br>RBU har frå no av ein egen orientering i styremøte.<br><br>RBU vil bruka direktøren si orientering i RBU-møte på ei betre måte. Det kan gjerast gjennom at planlegga tema/ spørsmål i forkant av møte. | Leiar Linn Bæra |
| **EVT** | **Helsekonferansen 2018**<br>Kari Toftøy-Andersen og Grete Müller deltar på Helsekonferansen 3.-4. mai, på vegne av RBU. | Linn Bæra |